

Saksbehandlar: Stig Vattekar
Sak nr.: 16/344-1

Stiftinga REKOMP - endring av vedtekter

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar styret for stiftinga REKOMP om å endre vedtektene slik at det vert tilstrekkeleg med 3 styremedlemer og at 2/3 fleirtal blant styremedlemene kan gjere endringar i vedtektene eller be om oppløysing av stiftinga.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Stiftingsdokument og noverande vedtekter.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stiftinga REKOMP vart oppretta i 2008. Føremålet med stiftinga er å løyve midlar som skal gå til å styrke rekruttering og kompetanseutvikling i privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, med hovudfokus på drift av ei fylkesdekkande traineeordning for yngre personar med formell utdanning på høgskule/ universitetsnivå.

Stiftinga sin kapitalbase kjem frå overførte restmidlar frå DAA-fondet (kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgivaravgift) til fylkeskommunen. Eigenkapitalen var ved utgangen av 2014 om lag 6,1 mill. kr. Stiftinga løyver årlege summar til Framtidsfylket AS som i denne samanheng tek på seg å utøve det praktiske arbeidet med stiftinga sitt føremål.

Styremedlemene i stiftinga vert oppnemnde av Sogn og Fjordane fylkeskommune kvart fjerde år. Vedtektene seier i dag at det skal vere fem styremedlemer og at endringar i vedtektene kan gjerast av styret med 4/5 fleirtal. Det skal veljast nytt styre i stiftinga våren 2016. Innan den tid ynskjer fylkesdirektør for næring at tal styremedlemer vert redusert til tre.

2. Vurderingar

Stiftingslova § 26 seier at det skal vera eit styre i alle stiftingar. Når grunnkapitalen er på tre mill. kroner eller meir, skal styret minst ha tre medlemmer. Grunnkapitalen i Stiftinga REKOMP er på 1 mill. kroner. Det betyr at det formelt ikkje er krav om meir enn ein styremedlem.

Fylkesdirektør for næring vurderer det slik at det ikkje lenger er behov for eit styre med fem medlemmer. For å ivareta stiftinga sitt føremål, vil det vere tilstrekkeleg med 3 medlemmer. Ved å få til denne endringa vil det også bli lettare og meir smidig å få gjennomført styrearbeidet.

I nye vedtekter må følgjande tekst oppdaterast:

§ 4 Styret

Noverande tekst: Styret i stiftinga skal bestå av 5 styremedlemmer.

Ny tekst: *Styret i stiftinga skal bestå av 3 styremedlemmer.*

§5 Vedtektsendring / oppløysing

Noverande tekst:

Vedtektene kan endrast av styret med 4/5-dels fleirtal.

Stiftinga kan oppløysast av styret med 4/5-dels fleirtal.

Ny tekst:

Vedtektene kan endrast av styret med 2/3-dels fleirtal.

Stiftinga kan oppløysast av styret med 2/3-dels fleirtal.

Vedtektsendring no fordrar at styret med 4/5-dels fleirtal vedtek endringa og at denne vert sendt inn og godkjent av Stiftingstilsynet. I følgje vedtektene skal også Sogn og Fjordane fylkeskommune uttale seg før vedtak om vedtektsendring kan setjast i kraft (denne saka).

3. Konklusjon

Stiftingslova gjev høve til å redusere tal styremedlemmer i stiftinga REKOMP. Fylkesdirektør for næring tilrår at styret vert redusert til tre personar og at styret for stiftinga vert oppmoda om å få gjennomført vedtektsendringa.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)